



Notat

Frå:

Jan Erik Boge

Veg og gangsti Hagabotnane - oppfølging og iverksetjing av kommunestyrevedtak 017/2021

Saknr/Journalnr

21/151/21/3410//JEB

Arkivkode

Dato:

22.04.2021

I kommunestyresak 017/2021 vart det 25.02.2021 vedteke å lysa ut anbod på ein totalentreprise på veg og gangveg til Hagabotnane. Sjå vedlagte kopi av vedtak.

I formannskapet 08.04.2021 viste rådmannen til kommunestyrevedtaket og til notat frå Odin Advokat AS datert 07.04.2021. Rådmannen orienterte formannskapet om at ho etter reglane i § 13 i kommunelova har plikt til å gjera kommunestyret merksam på faktiske eller rettslege forhold som har sentral betydning for iverksetjing av vedtaket. Rådmannen har på bakgrunn av dette førebudd ei sak om dette til kommunestyremøtet 22.04.2021 (sak om spørsmål til avklaring før iverksetjing av kommunestyrevedtak 017/2021).

Ordføraren har 22.04.2021 bestemt at dette ikkje skal opp som sak i kommunestyret 22.04.2021, og at han oppfattar det rådmannen har førebudd som eit svar på interpellasjonen som Samnanger Frp har meldt inn til kommunestyremøtet 22.04.2021 (interpellasjon til veg Hagabotnane).

Rådmannskontoret sender som følge av ordføraren si avgjerd i staden ut dette notatet til kommunestyret, med informasjon om oppfølginga av kommunestyrevedtak 017/2021, samt om vurderingar om oppfølging av vedtaket. Kopi av to notat utarbeidd av Odin Advokat AS følger vedlagt.

Informasjon om oppfølginga av kommunestyrevedtak 017/2021

I ovanfor nemnde sak blei det vedteke å lyse ut anbod på ein totalentreprise på veg og gangveg til Hagabotnane. Sjå vedlagde kopi av vedtak.

Undervegs i prosessen med å iverksetje vedtaket har det vorte oppdaga ulike problemstillingar som gjer det naydsynt å gå tilbake til kommunestyret og be om avklaringar. Plikta til å gjere dette følger av kommunelova § 13-1, fjerde ledd:

«Kommunedirektøren skal påse at vedtak som treffes av folkevalgte organer, blir iverksatt uten ugrunnet opphold. Hvis kommunedirektøren blir oppmerksom på faktiske eller rettslige forhold som har sentral betydning for iverksettingen av vedtaket, skal han eller hun gjøre det folkevalgte organet oppmerksom på dette på en egnet måte.»

Førebuingar til iverksetjing av vedtaket er gjennomført så langt det let seg gjere.

Vurderingar

For vurderingar, sjå vedlagde notat frå Odin Advokat AS, ved advokatfullmektig Torstein Fjeldet Lunde.

Det vil om ønskeleg kunne gjevast ytterlegare orientering i kommunestyremøtet 22.04.2021, av Odin Advokat AS. Om ønskeleg vil det også vere høve til å stille spørsmål som kan bidra til å gjere naudsynte avklaringar.

Dersom kommunestyret ønskjer det, kan anbodet lysast ut i "Doffin" dagen etter kommunestyremøtet 22.02.2021.

Rådmannen vil rå til at kommunestyret vurderer å oppnemne eit utval som kan svare på vegne av kommunestyret i prosessen med å lyse ut anbodet, i fall det likevel i ettertid skulle dukke opp problemstillingar som bør handterast. På den måten kan ein unngå unødige forseinkingar.

Vedlegg:

Kopi av kommunestyrevedtak i sak 017-2021

Notat frå Odin Advokat AS datert 7. april 2021

Notat frå Odin Advokat AS datert 21. april 2021